

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 16.11.2009
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Riksrevisjonen sin årlege kontroll av departementa si forvaltning av statlege selskap for 2008 (Dok 3:2 for 2009-2010) og Riksrevisjonen si undersøking av økonomistyringa i helseføretak (Dok 3:3 for 2009 - 2010)**

Styresak 106/09 O

Styremøte 02.12. 2009

Administrerende direktør si orientering pkt 6

Riksrevisjonen overleverte den 10. november 2009 følgjande to dokument til Stortinget:

- Dokument 3:2 (2009 – 2010). *Den årlige kontrollen av departementenes forvaltning av statlige selskaper for 2008.*
- Dokument 3:3 (2009 – 2010). *Riksrevisjonens undersøkelse av økonomistyring i helseforetakene.*

Kopi av dei to dokumenta følgjer notatet som vedlegg.

Om dok 3:2

Del 1 omhandlar kontrollen av utvalde emne innan utøvinga av regjeringa si eigarpolitikk.

Del 2 omhandlar saker der Riksrevisjonen basert på risikovurderingar har gjennomført utvida kontrollar. Med omsyn til dei regionale helseføretaka blir det særleg vist til

- sak 1: dei regionale helseføretak si økonomiske utvikling (side 14 – 15)
- sak 2: dei regionale helseføretaka si resultatrapportering og måloppnåing (side 16 – 17)
- sak 3: kvaliteten på den medisinske kodinga i helseføretaka som grunnlag for innsatsstyrt finansiering (side 18 – 19)

Del 3 omhandlar saker som har kome fram gjennom Riksrevisjonen sin årlege kontroll av protokollar og rapporteringar frå verksemdene. I tillegg omhandlar del 3 tidlegare rapporterte saker som Riksrevisjonen vil følgje opp vidare. Helse- og omsorgsdepartementet er omtala på side 40-43 og på side 47-48. Når det gjeld Helse Vest, har Riksrevisjonen særskilt tatt opp inngåing av rammeavtale om rekruttering av helsepersonell med selskapet Paragona i april 2007. Etter Riksrevisjonen si vurdering burde denne avtalen vore konkurranseutsett. Helse- og omsorgsdepartementet har tatt saka til etterretning.

I del 4 gir Riksrevisjonen ein samla uttale til dei forhold som er tatt opp, sjå særleg side 52 og 54.

Om dok 3:3

Stortinget har gjennom mange år framheva at dei regionale helseføretaka skal ha ein effektiv ressursutnytting og ein god kostnadskontroll. Dei regionale helseføretaka har i perioden 2002 – 2008 stort sett levert underskot samanlikna med resultatkravet.

Formålet med undersøkinga har vore å fokusere på økonomistyringa i helseføretaka for å bidra til ein betre nasjonal kostnadskontroll i spesialisthelsetenesta.